Mange konservative kristne vil leggja meir vekt på Luk.16,18 og Mark.10,1-12 enn den klare lærar Jesus gjev oss i Matt.5 og 18 der han tillet skilsmisse og gjengifte når den eine parten har vore utru og drive hor. Vi kan alle vera samde om at skilsmisse er forbode fordi det bryt med Guds opphavlege plan. Det er likevel vanskeleg å koma unna det Jesus seier i Matteus om at det fin-

ektefellen frå seg) då er den parten medansvarleg for det ekteskapsbrot den fråskilde gjer seg skuldig i. Om ein nektar ekteskapeleg samliv i ekteskapet har ein alt teke eit alvorleg steg i retning av å øydeleggja forholdet (noko Paulus stadfestar i 1.Kor. 7,5). Å sjå på ei kvinne med lyst etter henne er også eit slikt steg, for ein gjer ekteskapsbrot i hjarta (Matt.5,27).

**Det som er heilt klart er at det ligg Jesus på hjarta å ta vare på einskapen og samhaldet i ekteskapet og unngå at nokon øydelegg dette med ekteskapsbrot, skilsmisse eller utuktig framferd.**



nest unntak frå hovudregelen der skilsmisse og gjengifte er tillate når den andre parten alt har brote ektepakta på ein slik måte at ho ikkje kan vølast?

Det som er heilt klart er at det ligg Jesus på hjarta å ta vare på einskapen og samhaldet i ekteskapet og unngå at nokon øydelegg dette med ekteskapsbrot, skilsmisse eller utuktig framferd. Det er berre når den eine ektefellen har vore utru og drive hor, at Jesus tillet den uskuldige eller trufaste parten å skilja seg og gifta seg på ny. Prinsippet som ligg til grunn for det Jesus seier i Matt.19 tykkjest å vera at pakta er broten og har opphørt å vera til, paktsbrytaren er å oppfattast som død, og den trufaste har ingen plikter lenger i forhold til den trulause og kan gifta seg på ny.

Guds ordning for ekteskapet var gjensidig kjærleik, støtte, hjelp, truskap og eit framhaldande seksuelt forhold. Der det skortar på kjærleik, vørndad og omsut, kjem forholdet til kort og treng å vølast. Når den eine parten nektar den andre ekteskapeleg samliv (til dømes ved å senda

Jesus talar ikkje om ekteskap som alt har vorte øydelagde. Han talar til folk som framleis er gifte, folk som lever i ekteskapsforhold. I alle tre evangelia seier Jesus at den som skil seg frå kona si for å gifta seg med ei anna driv hor eller gjer ekteskapsbrot. Jesus fordømmer den handling som fører til at et ekteskap vert oppløyst for å inngå i eit nytt forhold. Det ligg tydeleg på Jesu hjarta å hindra at ekteskapet vert øydelagd og ektefelle skilde.

Det er interessant å merka seg at når Jesus omtalar skilsmisse og fråskilde folk, verkar det som om han går ut frå at dei ikkje vil verta verande åleine, men at dei kjem til å gifta seg på ny. (Det stirr mot menneskenaturen å vera åleine om ein ikkje er gjelding og det er difor naturleg at folk giftar seg!) Den som skil seg av ugyldig grunn valdar difor at andre driv hor med vedkomande ved å gifta seg med henne/han.

### Apostelen Paulus om skilsmisse og gjengifte

Paulus er sjølvsgatt på linje med Jesus i si undervisning om ekteskap, skilsmisse og gjengifte. Han

understrekar at ekteskapet er meint å vera eit livslangt forhold som skal avspeglia forholdet mellom Kristus og kyrkja. Han gjev mange gode råd om å skapa gode heimar der mannen som hovud elskar kona si slik Kristus elskar kyrkja og kona lyder mannen sin i alle ting slik kyrkja lyder Kristus, og kor barna vert oppseda til å æra og ottast Gud og lærar han å kjenna (Ef.5,22-6,4).

I breva sine til dei nye kristne fellesskapa understrekar han at alle seksuelle forhold utanom ekteskapet mellom mann og kvinne er synd (Rom.1,26-27; 7,2-3; 1.Kor.5,1-11; Gal.5,19; 1.Tim.1,10). Han lærar også at fordi seksualakta skapar eit fysisk forhold mellom to menneske så skil den seksuelle umoralen seg frå andre synder ved at den er synd mot sin eigen kropp (1.Kor.6,13-17). Han har eit positivt forhold til seksuallivet som er Guds gâve til dei som er gifte så dei ikkje skal brenna av lyst. Ektefolk skal ikkje nekta kvarandre samliv, dei skal berre vera avhaldande for kortare tid om gongen når dei har vorte samde om det for å leva i bønn og faste (1.Kor.7,2-9).

Sidan Paulus står i eit felles-skapsbyggjande arbeid møter han mange ulike problemstillingar i samband med ekteskap, skilsmisses og gjengifte som han må ta stilling til. I 1.Kor.7 svarar han på spørsmål frå kyrkjelyden i Korint om dette. Det er veldig interessant å merka seg grunngjevingane til Paulus for dei mange svara og råda han gjev og korleis han skil mellom Herrens bod og sine eigne meininger. "Dei som er gifte, byd ikkje eg, men Herren" – "Til dei andre seier eg – dette er mine ord, ikkje Herrens" – "Om dei ugifte har eg ikkje noka bod frå Herren, men eg seier mi mein" – "etter mi meinig, og eg trur at eg og har Guds Ande." I følgje Paulus tala Jesus til dei gifte og Paulus er sjølv sagt samd i alt han har sagt. Men når han skal ta stilling til problemstillingar som ikkje han har noko klart ord frå Herren om, då bruker han sitt kristne vit som er

opplyst ved Den Heilage Ande til å gje råd som kan hjelpe dei kristne til å leva i fred med andre menneske og mest mogeleg til hugnad for Gud i ei vanskeleg tid.

Først gjer Paulus det heilt klart at ein kristen aldri må gifta seg med ein ikkje-kristen, for dei har like lite felles som lys og mørker (1.Kor.6,14-16). Det er godt for ein mann at han ikkje rører ei kvinne for at de ikkje skal驱iva hor, skal kvar mann ha si kone og kvar kvinne sin mann 1.Kor.7,1-2

Det kan vera at nokre av dei kristne tenkte slik det var vanleg mellom grekarane: sex er flott så lenge ein ikkje vert bunden i eit ekteskap (sjå 1.Kor.6,12-21). Andre som Paulus her skriv til er alt gift (7,2-5) og avstår frå ekteskapeleg samliv med ektefellen sin. Paulus seier at det er for seint å velja sôlibatet når ein alt er gift (7,5-7).

to. Jamvel om ikkje Paulus ville gjera lengre avhald til grunn for skilsmisses slik jødiske lærarar gjorde, ønskjer han tydelegvis å avgrensa til og med seksuelt avhald ein har vorte samde om, for ikkje å utsetja kvarandre for freisting frå Satan. Paulus påbyr ikkje avhald, men gjev dei lov til å vera avhaldande for kortare periodar!

Det har sine klare fordelar å vera ugift (sjå 1.Kor.7,32-34), men ikkje alle er utrusta til ein slik livsstil! Det er mykje betre å gifta seg enn å brenna av lyst! Ekteskapet er det beste bolverk mot hor (1.Kor.7,8-9)!

### **Forbod mot skilsmisses**

#### **1.Kor.7,10-11**

Her byd apostelen dei gifte med eit bod frå Herren at dei ikkje skal skilja seg frå ektefellen sin. Om dei skil seg, må dei leva ugift eller semjast

**Her byd apostelen dei gifte med eit bod frå Herren at dei ikkje skal skilja seg frå ektefellen sin. Om dei skil seg, må dei leva ugift eller semjast med kvarandre og ta opp at samlivet sitt.**



Jødane såg den seksuelle intimiteten mellom mann og kone som det beste hinder for seksuell umoral og Paulus er samd i dette i samsvar med mellom anna Ord.5,19-20. Ha si kone og ha sin mann avspeglar eit greske uttrykk for å ha eit seksuelt forhold med dei.

#### **Ektefellar må gjera sin skyldnad mot kvarandre 1.Kor.3-7**

Jødiske ekteskapskontraktar hadde med mange av mannen og kona sine plikter. Ein av hovudpliktene for mannen var samleie. Paulus ser på samleie som ei gjensidig skyldnad kor ein ønskjer å tilfredstilla kvarandre. Jødiske lærarar prøvde å formulera reglar om kor lenge ein mann kunne avstå frå samleie med kona si. Nokre sa ei veke, andre sa

med kvarandre og ta opp at samlivet sitt. Dette er å forstå som eit generelt forbod for kristne ektefolk å skilja seg utan gyldig grunn.

Denne strenge haldninga er heilt eineståande for den tida det vart sagt i. Kvinnene kunne i det jødiske Palestina på den tida berre "forlata" men ikkje skilja seg frå mannen sin, medan begge kunne ta initiativ til og krevja skilsisse utan den andre sitt samtykke under romersk lov. Gjengifte var normalt alltid lovleg.

#### **Kva med blanda ekteskap og ufrivillig skilsisse?**

#### **(1.Kor.7,12-16)**

Paulus må no sjå på kva Jesu forbod mot skilsisse har å seia i ei konkret stode. Det var heilt vanleg

at eit prinsipielt standpunkt måtte prøvast, brukast og tilpassast konkrete stoder. Her gjeld det blanda ekteskap og ufrivillig skilsmisse. Dei fleste første generasjons kristne vart omvend etter dei vart gifte (ekteskap vart vanlegvis ordna av foreldra). Fordi den vantruande ektefellen vert helga ved den kristne si tru, er den generelle regelen at ein kristen ikkje skal ta initiativ til skilsmisse. Ein kristen skal korkje forlata eller senda frå seg ektefellen sin.

Både greske, romerske og jødiske lovlærarar diskuterte barna sin status i sosialt blanda forhold. Jødane diskuterte også barna sin status frå eit religiøst blanda forhold. Paulus sitt standpunkt er at barna frå eit blanda forhold vert helga på grunn av den truande, – dei er under påverknad av evangeliet, difor kan dei ikkje brukast som grunn for skilsmisse. I det romerske samfunnet gjekk barna vanlegvis til faren og ei kristen kone som vart skild kunne mista høve til å påverka barna sine.

Om den vantruande ektefellen tek initiativ til skilsmisse skal den kristne ektefellen ikkje motsetja seg dette, men gjera det ein kan for å leva i fred. I slike tilfelle med ufrivilig skilsmisse er ikkje den kristne bunden lenger, men er fri til å gifta seg på ny. Uttrykket "ikkje bunden" viser til uttrykk og vendingar i jødiske skilsmisses dokument som seier til kona: "Du er fri til å gifta deg med kven du vil" og ein nyttar ord knyta til fridom frå trældom om skilsmisse. Å vera bunden tydde at ein framleis var gift i Guds auge og difor ikkje kunne gifta seg på ny (sjå Rom.7,2-3 og 1.Kor.7,39). Den som var bunden til ein ektefelle skal ikkje prøva å verta fri (1.Kor.7,27). Den som ikkje er bunden, er fri alle bindingar i forhold til ekteskap, og kan gifta seg.

### Hald fram der Herren har sett deg i livet! (1.Kor. 7,17-24)

Om folk er gift eller ugift, træl eller fri, er det greitt å slå seg til ro med sin stand og verta verande i det kall



dei hadde då dei vart kalla, og vera der for Gud, men det er sjølv sagt ikkje forbode å endra på sin sosial stand om det er råd.

### Råd til dei ugifte (1.Kor.7,25-40)

Ugift - parthenos – tyder vanlegvis ung gifteferdig kvinne, men Paulus tykkjест i dette avsnittet å bruka det om både ugifte menn og kvinner, slik andre også har gjort seinare. Paulus gjer det klart at han ikkje har noko ord frå Herren om dei ugifte, men seier si meining som ein trufast Herrens tenar som har Den Heilage Ande til å hjelpa seg (7,25,40).

På grunn av den trengseltida dei lever i råder Paulus alle (jomfruer, enker og skilde folk) som kan styra dei seksuelle lystene sine til ikkje å gifta seg, men om dei giftar seg, syndar dei sjølv sagt ikkje (7,26-29,36-38,40). Dei ugifte vert sparte for mange suter og kan konsentrera seg om å vera til hugnad for Herren åleine utan å ha nokon ektefelle dei må gjera til lags (7,32-35).

### Om du giftar deg syndar du ikkje (1.Kor.7,27-28)

Om du er bunden til ei kone (er gift med henne), så prøv ikkje å verta fri (ikkje skil deg frå henne).

Er du ikkje bunden? – dette er ei dårleg omsetjing av det greske ordet luo (løysa) som andre stader i vår bibel er omsett oppheva, løysa, løysast opp, gå i oppløysing, riva ned,

bryta, gjerast om inkje, gjera ende på, gje frå seg! Sjå koss det er omsett i nokre engelske biblar:

*Art thou loosed from a wife? (KJV)*

*Are you loosed from a wife? (NKJV)*

*If you are free from a wife*

*-(Jerusalem Bible, Amplified Bible)*

*Are you free from wedlock? (Cassier)*

*Have you been released from a wife?*

*-(NASB)*

*Has your marriage been dissolved?*

*- (NEB)*

*Are you free from a wife? (NRSV)*

Det kan vera lite tvil om at det Paulus siktar til her er folk som har vore gift (kanskje før dei kom til tru?), men som no ikkje er det, fordi dei har vorte skilde eller har mista ektefellen sin ved dødsfall. Tekstsamanhengen gjer det mest sannsynleg at det her gjeld folk som har vorte løyst frå ein ektefelle ved skilsmisse før dei vart kristne, for dei som har vorte enker omtalar han på slutten av kapitelet. Om dei giftar seg, syndar dei ikkje!

# Nokre problemstillingar for ekteskap i dag

**Den eine går frå den andre, – oppfyller ikkje pliktene sine, - møter ikkje dei grunnleggjande behova til ektefellen**

"Brått vart eg sitjande att åleine! Ektefellen min berre gjekk ifrå meg! Så vidt eg veit er det inga utruskap i biletet. Er eg dømd til å leva åleine resten av livet og vera bunden til eit ekteskap som ikkje fungerer?"

Som ein trufast Herrens tenar som kjenner Skriftene og har Den Heilage Ande, vil eg gje dette svaret: Den som går frå ektefellen sin på denne måten, har klart og tydeleg brote ektepakta og ekteskapslovnaden sin. Denne ektefellen er ein paktsbrytar og er den skyldige part i denne saka. Den som er den trufaste og uskuldige parten kan difor etter mitt åndelege skjønn ha rett til lovleg skilsmisse og gjengifte. Vi kan bruka Moselova til å kasta lys over dette.

I 2. Mos. 21,7-11 har vi lova om slavejenter eller medhustruer som ofte var døtrer frå fattige familiar som vart selde til rikare familiar. Lova gjev desse medhustruene serskilt vern. Den som hadde teke jenta til seg som ei medhustru hadde plikt til å gje henne mat, klede og ekteskapeleg samliv. Om han slutta å gje henne dette, skulle han gje henne fri utan betaling. Prinsippet her er at det ikkje er rett å halda ei "slavkone" i eit forhold kor ho ikkje får dekka sine fysiske og seksuelle behov. Difor må ho setjast fri, så ho kan koma inn i eit forhold kor desse behova vert dekka!

Det er vanskeleg å førestella seg at dette prinsippet ikkje også skulle gjelda vanlege ektefolk. Paulus gjer det jo også klart at den som nektar

ektefellen sin seksuelt samliv, gjer at vedkomande vert utsett for åtak og freustingar frå satan! Kan ein trufast ektefelle tenkja seg å gjera noko slike? Jesus seier at om nokon skil seg frå den trufaste kona si, han valdar at andre bryt ekteskapet med henne (Matt. 5,32). Når vi samanheld det Jesus og Paulus seier, kan

psykisk vald mot ektefelle og barn er uskikka til ekteskap! Han har heilt klart brote ektepakta, synda grovt mot kjærleiksbotet og sett seg under Guds dom! Han kan gje seg ut for å vera ein kristen, men er verre enn ein heidning (1. Tim. 5,8), og må også støyta ut frå det kristne fellesskapet (Matt. 18,15-17)!

**Guds ord seier at mennene skal elskar konene sine som sin eigen kropp. Den som elskar kona si, elskar seg sjølv.**

”

vi dra denne slutninga: Om den eine parten ikkje gjev den andre ekteskapeleg samliv (ved å forlata eller å skilja seg frå ektefellen sin), og den andre ikkje har gåve til å leva i sølibat, men gifter seg på ny, slik Jesus går ut frå vil skje, då har den som ikkje møtte dei lovlege behova ansvaret for ekteskapsbroten, - jamvel om vedkomande sjølv lever i sølibat! Paulus gjer det også klart at det er betre for alle å gifta seg enn å brenna av lyst.

Vald i ekteskapet

"Han slår meg. Han terroriserer både meg og barna psykisk og fysisk. Han bruker vald mot meg og eg er redd. Må eg verta verande i eit slike forhold når ektemannen ikkje har drive hor?"

Nei, ein treng ikkje verta verande i eit slike forhold! Når alt er prøvd for å hjelpe den valdelege ektefellen til omvending og endra oppførsel (for han treng verkeleg hjelp), og ingenting hjelper, då har den uskuldige ektefellen plikt til å berga seg sjølv og barna sine ved å få slutt på dette uverdige forholdet! Den som over tid bruker fysisk og

Når det gjeld vald i ekteskapet, kan vi også bruka eit tilfelle i Moselova som illustrasjon. Om ein mann slår slaven sin og skader synet hans, som er noko av det mest verdifull eit menneske har, eller om han berre skader ei uviktig tann, så må han i begge tilfelle gje slaven full fridom som vederlag for skaden (2. Mos. 21,26-27). Prinsippet er at den som skader sin eigen slave, sin eigen eigedom, han er ikkje verdig til å eiga, og den som er utsett for vald har rett på full fridom!

Når så nokon gjer vald mot si eiga kone, då stirr det mot all fornuft og er umenneskeleg. Guds ord seier at mennene skal elskar konene sine som sin eigen kropp. Den som elskar kona si, elskar seg sjølv. Ingen normale menneske hatar kroppen sin og skadar han, tvert om gjev vi kroppen næring og pleie, slik ein god mann vil ta seg av kona si (Ef. 5,28-29). Den som gjer vald mot kona si og skadar henne og sine eigne barn er uskikka til å vera gift og må vernast mot seg sjølv ved at ekteskapet vert oppløyst! Den uskuldige kona er fri til å gifta seg på ny!

Jesus seier at sinne og vrede er jamgoda med mord og at den som driv med psykisk terror er skuldig til helvetes eld (Matt. 5,21-22)! Om dommen for denne synda hadde vorte sett ut i livet, ville valdsofferet gjenvunne sin fridom frå tyrannen og vore fri til å gifta seg på ny. Difor støttar denne utsegna av Jesus opp om det eg har sagt før, at valdsofferet har rett til skilsmiss og gjen-gifte!

### Tankar om Guds standard og samfunnets lover

Den standard vi finn i Guds ord for ekteskapet og menneskeleg samliv i det heile er oftare og oftare i konflikt med det norske lovverket og vanleg praksis i samfunnet vårt. Slik var det faktisk i Bibelen og. Guds opp-havlege meinung var at ein mann og ei kvinne skulle leva trufast saman i kjærleik heile livet i det mono-game ekteskapet. Likevel går det ikkje lang tid før vi oppdagar at Gud tilsynelatande tillet polygami, skilsmiss og gjengifte hjå tenarane sine og folket sitt. Jesus forklarer dette med at Gud tilpassa seg den verkelege stoda der menneska ikkje lenger hadde reine hjarte, men urei-ne og harde hjarte som var sete for sterke lyster som var vanskelege for dei å styra (Matt.19,8; Markus 7,10). Samfunnet vedtek i dag og lover som ikkje er i samsvar med Guds opp-havlege plan og vilje, etter påtrykk av syndige menneske. Sambuarskap er vanleg og vert regulert av lover. Homofil praksis er godteke og verna, og homofilt partnarskap regulert av lover. Det er lett å skilja seg og det er enkelt å gifta seg på ny om ein tek bryet med det og ikkje berre flyttar saman som sambuarar. Sex utanfor ekteskapet er vanleg og vi får stadig lågare seksuell debutalder. Sosialistane har lukkast i sitt korstog mot dei kristne familieverdiane og den kristne seksualmoral. Høgre, det konservative partiet, og Venstre, det sosialliberale partiet, har vorte dei fremste pådrivarane for å god-taka homofili!

**Til og med om den eine har vore utru, vil den trufaste kristne prøva å tilgje den skuldige for å redda ekteskapet**



Dette gjer at mange som vert omvend i vaksen alder og kjem til tru og liv i Gud, har ein brokut bakgrunn og kan ha fleire sambuarskap, ekteskap og skilsmiss bak seg. Nokon har prøvd å løysa dette ved å hevda at det første ekteskapet framleis gjeld og at dei nyfrelste difor må gå frå den dei no lever saman med. Eg kan ikkje sjå at det er ei bibelsk løysing. Bibelen seier at vi skal vera i den stand vi var i då vi vart kalla (1. Kor.7,17-24). Vi må møta alle desse nye kristne med sin brokute bakgrunn med nåde og forståing, og ikkje med fordømmande krav! Det må bety at vi må tru at når vi vert fødde på ny og vert nye skapningar (Joh. 3,3-8; 2. Kor. 5,16-17), så får vi også ei ny fortid kor alt det gamle er sletta ut og ikkje lenger vert halde opp mot oss! Tilgjevinga og gjen-reisinga i Kristus er total! Vi får ein heilt ny start! Same kva slags liv ein har levd før ein vart ein kristen, så kan ein som ved Guds nåde oppfyller dei krav Guds ord stiller til mod-nad og kristen karakter, gå inn i alle tenester og funksjoner i det kristne fellesskapet, så sant ein er kalla og utrusta til det.

Den undervisning som Jesus og apostlane gav oss, gjer det veldig klart at Guds krav og standard er mykje høgare og strengare enn det samfunnet ventar av folk. Det inne-ber at vi ventar at kristne menneske lever annleis enn dei ikkje-kristne og at dei vert vurderte etter strengare kriteria.

Kristne har til dømes berre lov å ta initiativ til skilsmiss når den andre parten har vore utru eller brote ekte-pakta ved å forlata ektefellen eller har vore valdeleg. Om kristne tek initiativ til skilsmiss av andre grun-nar, skal dei leva ugift eller forlika seg med kvarandre igjen.

Til og med om den eine har vore utru, vil den trufaste kristne prøva å tilgje den skuldige for å redda ekte-skapet. For ein kristen er skilsmiss siste utveg!

### Ingen dobbelt moral

Kristne menneske som av ulike grunnar har eit eller fleire havarerte ekteskap bak seg, kan møta mange fordommar og anklager frå med-kristne som ikkje kjenner bakgrunnen for det som har hendt. Det går an å vera heilt uskuldig, men likevel verta stigmatisert som skild og uskikka til å ta ansvarsfulle stillin-gar i det kristne fellesskapet. Dette må vi ikkje tillata då det strir mot Jesu lære og motseier den kjærlei-ken, nåden og tilgjevinga vi alle er så avhengige av.

Nokre kristne leiarar vegrar seg for å via folk som har vore skild, same kva årsaka til skilsmissa var. Likevel kan dei råda dei til å gifta seg borgarleg og seinare ta imot dei som fullverdige medlemmer i kyr-kjelyden. Kan vi godta at medlem vert borgarleg vigde, må vi også kunna via dei sjølve, elles gjer vi oss skuldige i ein dobbeltmoral som ikkje kan forsvarast.

# Tilgivelse - en ny start!

Guds ord sier klart og tydelig at for å få del i tilgivelsen, må man vende om fra sin synd

”

**Det er Guds hjertelag å tilgi! Hele Bibelen vitner om Gud at han er en Gud som tilgir. Da Jesus kom inn i denne verden demonstrerte han Guds vilje til å tilgi. Da engelen kom for å forkynne at Jesus skulle bli født sa han: "Du skal gi ham navnet Jesus; for han skal frelse sitt folk fra deres synder" (Matt. 1,21). Jesus har gjennom sin stedfortredende og sonende død tilveiebragt tilgivelsens grunnlag.**

**G**ud er nå en forsonet Gud og når Jesus gav sine siste instruksjoner til disiplene, åpnet han deres forstand så de kunne forstå skriftene som sier: "I hans navn skal omvendelse og tilgivelse for syndene forkynnes for alle folkeslag!" (Luk. 24,46-47). Det kristne budskapet er ordet om tilgivelse.

## Omvendelse går først for tilgivelse

Guds ord sier klart og tydelig at for å få del i tilgivelsen, må man vende om fra sin synd (Ap.gj. 3,19 og 26). Det er når vi bekjenner våre synder at Gud er trofast og rettferdig når han tilgir oss syndene og renser oss

fra all urettferdighet (1. Joh. 1,9). For å kunne leve i Guds tilgivelse må vi også tilgi dem som har gjort urett mot oss slik Jesus lærte oss i Fadervår (Matt. 6,12) og i lignelse om den ubarmhjertige tjeneren (Matt. 18,21-35). Han sa til disiplene at de skulle tilgi ubegrenset og han demonstrerte det selv ved å be om tilgivelse for dem som korsfestet ham.

## Når Gud tilgir, er misgjerningen glemt

Når profeten taler om den nye pakt sier han den vil være annerledes enn den gamle fordi den hviler på tilgivelsens nåde og ikke som den gamle





Som Herren har tilgitt dere,  
skal dere tilgi hverandre. Og  
over alt dette, kle dere i kjær-  
lighet, som er det bånd som  
binder sammen og fullender

”

på lovens krav: «For jeg vil tilgi deres misgjerning og ikke komme i hu deres synd» (Jer. 31,34). Når Gud tilgir betyr det at han aldri vil bruke vår fortid mot oss. Synd som er tilgitt er glømt, eller enda sterkere: slettet ut! Når vi har fått tilgivelse, vil Gud ikke holde synden opp mot oss igjen.

### Å be om og å gi tilgivelse er en alvorlig ting

Tilgivelse er ikke en formalitet, men en alvorlig realitet som kan avgjøre liv og død i evighet! Når noen ber om tilgivelse, må vi ikke ta det lett-vindt og si: "Å, det var ingenting, gløm det!" Selv om det synes å være en liten ting, trenger vi likevel å ta det på alvor og frigjøre vår neste ved å tilgi.

Vi trenger også å forstå at å tilgi innebærer å love å aldri bringe denne saken på bane igjen. Selv om vedkommende faller i samme synd flere ganger og kommer og ber om tilgivelse på nytt, må vi uforbeholdent tilgi uten å ta fram igjen det som tidligere har hendt. Fordi han

har fått tilgivelse før, er han nå bare skyldig i den nåværende handling og det vil være synd å dra fram igjen det vi har tilgitt!

### Tilgivelsens nåde

Når Gud tilgir oss våre synder gir han oss den nåde å kunne stå for ham som om vi aldri hadde syndet. Han gir oss faktisk en helt ny fortid hvor alt det syndige er slettet ut! Men ikke nok med det, han setter oss også i stand til å leve i denne tilgivelsens nåde hver dag! Når vi lærer å leve slik at vi ikke lenger kjenner hverandre etter menneskelige kriterier av gode og dårlige erfaringer med hverandre, men ser hverandre som vi er i Kristus: tilgitt, nye skapninger, det gamle er borte, noe nytt har skjedd, da kan vi leve i fred og forsoning slik apostelen sier:

*"Dere er Guds utvalgte, helliget og elsket av ham. Kle dere derfor i inderlig medfølelse, godhet og ydmykhet. Ta dere ikke selv tilrette, men strekk dere langt, så dere bærer over med hverandre og*

*tilgir hverandre, hvis den ene har noe å bebreide den andre. Som Herren har tilgitt dere, skal dere tilgi hverandre. Og over alt dette, kle dere i kjærlighet, som er det bånd som binder sammen og fullender."* (Kol. 3,12-14)

Som Gud har tilgitt oss, slik skal vi tilgi hverandre! Hans tilgivelse innebærer full gjenopprettelse av et brutt forhold. Tilgivelse betyr samfunn og fellesskap, for det som skilte oss er fjernet! Tilgivelsen frigjør et nytt liv i en ny frihet fra skyld, fordømmelse og mindreverdighetsfølelse. Tilgivelsen er kristenlivets dynamiske motivasjon til å overvinne det vonde med det gode! Tilgivelse innebærer en ny start hvor vi i Guds nåde har alle forutsetninger for leve i dens overvinnende kraft. Hver dag er nåden ny. Hver dag vil nåden fra Gud sette oss i stand til å leve i tilgivelse og derved spre velsignelse til menneskene rundt oss.

# I gode og onde dager

**Nina og Gary har virkelig fått oppleve både gode og onde dager. Derfor er de svært takknemlige over den harmoni og hengivenhet de i dag opplever i samlivet sitt - og over de to herlige barna de har. Gjennom alt, både det gode og det onde, slår de fast: «Det fins en Gud som bryr seg!»**

**I** dag er Nina og Gary Reynolds et lykkelig og tilfreds par som har vært gift i 23 år. For 18 år siden hadde de ingen ønsker om å fortsette samlivet. Alt var dødt. Ingen følelser, ingen tiltrekning, ingen varme, ingen sympati. Ferdig! De orket ikke være sammen mer.

Det unge paret hadde opplevd slike ekstreme belastninger på samlivet sitt at nå var alt raknet. Seks måneder tidligere hadde de mistet sitt eneste barn, 11 måneder gamle Lene, i en tragisk bilulykke. Nina, som kjørte bilen, ble også hardt skadd, særlig i beina. I tillegg til den bunnløse fortvilelsen over å miste barnet sitt, kjempet hun også en intens kamp for å bli frisk igjen.

Den første måneden etterpå var hun imidlertid stort sett utenfor det som skjedde, neddopet av medikamenter mellom flere operasjoner. Begravelsen fant sted uten henne. Gary ble alene i bearbeidingen av sorgen. Før Nina ennå hadde begynt på sin vei, hadde han allerede tatt flere skritt på sin.

Dette var de på en måte klar over, men klarte likevel ikke å være sammen om smerten. «Jeg trodde at da jeg endelig kom hjem fra sykehuset, fikk se rommet til Lena, sengen



**For 18 år siden hadde de ingen ønsker om å fortsette samlivet. Alt var dødt. Ingen følelser, ingen tiltrekning, ingen varme, ingen sympati. Ferdig!**

”

henes, tingene hennes, så ville jeg kunne øse ut all fortvilelse og sorg - skyld og smerte», sier Nina. «I stedet var det Gary som gråt, mens jeg, kanskje på grunn av min personlighet og min bakgrunn som sykepleier, ga meg til å trøste ham i stedet for gi rom for min egen smerte. Hos meg var det ingen gråt og ingen tårer».

Nina og Gary sitter ved siden av hverandre i sofaen. Gary trekker beina oppunder seg mens han tar en slurk av tekoppen sin. I ettertid har han tenkt mye på det som skjedde, hvorfor og hvordan kunne det skje.

«Jeg syntes Nina var så forandret» sier han. «Hun var blitt så arrogant

og hard, sta og lite tolerant. Og hvis jeg antydet noe slikt, ble jeg bare avfeiet. Jeg skjønte ikke at hun kunne være så ufølsom. Når jeg senere tenker på det, ser jeg at det kan ha sammenheng med hennes mobilisering for å bli frisk. Beina var sterkt skadet, og hun visste ikke hvordan det ville bli i fremtiden. Hun hadde antakelig ikke kapasitet til å forholde seg til stort mer enn denne kampen».

Nina sukker tankefullt. «Alt ble i hvert fall verre og verre. Vi kranglet ustanselig. Sa stygge ting til hverandre og gled lenger og lenger fra hverandre. Jeg ble mer og mer

bitter. Bitter på Gud, men mest på Gary tror jeg, fordi han ikke forsto meg. Vi fikk vite at det er vanlig at par som er i samme situasjon som oss enten går fra hverandre eller blir knyttet tettere sammen. På en måte var det en trøst å vite at vi ikke var de eneste som havnet i et slikt uføre, men det hjalp oss ikke å snu prosessen. Vi strevet og kavet, alt var helt elendig».

Etter seks måneder var bunnen nådd. Selv ikke det faktum at Nina nå var gravid førte dem nærmere hverandre. Nina var klar til å forlate Gary.

Fortvilet og oppgitt ligger Gary og får ikke sove. Situasjonen er så håpløs! Nina ligger i et annet rom. De orker ikke være sammen. «Det må være noe vi kan gjøre! Eller - det må være noe Gud kan gjøre for å hjelpe oss» husker jeg at jeg tenkte. Gary står opp av sengen. Barbeint og motvillig går han i retning av rommet hvor Nina ligger. «Jeg var forberedt på å bli kastet ut», sier han med et skjevt smil. Gary tenker at de må i hvert fall prøve å be til Gud sammen, selv om både de selv og andre har bedt før, gang på gang.

Ingen av dem har egentlig lyst, men de blir enige om å be. Stille og tafatte kneler de sammen på golvet. Det var en desperat stund. Mens de ber blir Gary plutselig minnet om noe en venn av ham en gang sa: 'Husk at Gud satte familien sammen før han satte menigheten sammen'. De er smertelig klar over at det ikke er Guds vilje at de skal gå fra hverandre - men hva kan de gjøre? Kan Gud virkelig gjøre noe for dem? Når de ser på situasjonen finner de at det eneste som er igjen av ekteskapet deres er løftene de har gitt hverandre. Løftene om å leve trofast sammen i gode og onde dager. Pakten de har inngått med hverandre. De blir enige om at de hverken kan eller vil bryte den. «God hates divorce» sier Gary med ettertrykk - og irsk aksent.



Dette ble et vendepunkt for dem, selv om de fremdeles hadde en lang vei å gå. Avstanden føltes like stor, samlivet like tomt og konfliktene like sterke. «Det har aldri manglet temperament her», sier Gary ironisk. «Men det at vi hadde klart å ta denne beslutningen ga oss en ny plattform å løse konfliktene ut fra». «Vi valgte ganske enkelt å være for hverandre, en viljeshandling, fordi vi visste det var rett», sier Nina. «Og litt etter litt, nærmest uten at vi helt vet hvordan, fant vi sammen igjen - med mange tilbakeslag. Men vi ble mer romslige og tolerante overfor hverandre, varmen og samhørigheten kom tilbake». De ser smilende på hverandre.

«Hadde det ikke vært for Guds godhet og trofasthet, hadde vi aldri sittet her i dag», sier Gary bestemt. Nina nikker bekreftende: «Det er fantastisk å oppleve at vi vokser tettere sammen hele tiden. At vi stadig får et dypere og mer inderlig forhold til hverandre - og til Gud. Det er bare et under».

Nina og Gary har virkelig fått oppleve både gode og onde dager. Men gjennom alt, både det gode og det onde, slår de fast: «Det fins en Gud som bryr seg!»

## Dikt

*Kjærleiken er ei kraft,  
om det er ekte kjærleik  
ei kraft som gjer deg i stand  
til å seia nei til deg sjølv  
til å overvinna deg sjølv  
for å seia ja til den andre  
og gjera det som er det beste  
for han eller henne.  
Den trufaste kjærleiken  
har ingenting å mista,  
han kan aldri tapa,  
jamvel om du må gå åleine  
gjennom djupt mørke av sakn.  
Om du ikke er trufast i kjærleiken,  
kan du ha ei kort nyting  
og føla godt for ei stund,  
men det endar med at du mister alt.*

# Gjer mannen din lukkeleg og nyt frukta av det

Som lita jente hadde eg ei fin minnebok, og eit av minna som ofte gjekk igjen var desse orda: "Den største gleda du kan ha, det er å gjera andre glad. Og vil du gjerne lukka nå, då først deg sjøl du gløyma må." Ei god helsing og fine ord men virkar dei i ekteskapet? Kan dei brukast av moderne menneske i dag? Er dei ikkje naive og gammaldagse?

Etter å ha vore gift i snart 41 år, vil eg seia ja, dei virkar! Først og framst fordi dei samsvarar med Guds ord. I Ord.11,25 les vi: «Den som spreier velsigning trivst, og den som livar opp andre vert oppliva sjølv. I 1.Kor.13 står det: Kjærleiken søker ikke sitt eige. Vidare les vi i Ord.16,20 «Den som aktar på ordet, finn lukke, sål er den som lit på Herren.

Bibelen har for meg vore den beste læreboka om ekteskapet. Ho undervisar om kva mi rolle er både som kvinne og kone, og gjev praktisk råd og rettleiing i alle sider ved ekteskapet. I Ord. 31 seier forfattaren:»Den gode kona, kven finn vel henne? Meir er ho verd enn perler» Dette avsnittet i Bibelen om den gode kona har vore eit ideal eg har ønskt å strekkja meg etter å praktisera. Eg ønskjer å vera ei god kone for mannen min. Det har alltid vore i hjarta og tankane mine.

## Guds plan - ein god plan

Ekteskapet er Guds ordning. Gud har skapt oss til mann og kvinne. Gud såg at det ikkje var godt for mannen å vera åleine, vi kvinner vart gjevne som ei hjelpe som høver



Bibelen har for meg vore den beste læreboka om ekteskapet. Ho undervisar om kva mi rolle er, og gjev praktisk råd og rettleiing i alle sider ved ekteskapet.

”

for mannen (1.Mos.2.18) Eg synes det er ei fantastisk ordning. Ved å følgje Ordet om kva eg kan gjera, og korleis eg skal vera i min funksjon, kan eg få utfylla og tena mannen min som ei god medhjelp. Då kan han få vera den Guds mann Gud har tenkt, og eg vert tilfreds kone på den plassen eg skal vera.

## Støtt mannen som leiar i familien

I Ef. 5.21-24 les vi om underordning. Vi som gifte kvinner skal underordna oss under mennene som under Herren sjølv i alle ting. Ordet underordning har dverre både blitt misforstått, misbrukt og har ein negativ

klang hjå mange. Som nygift hadde eg ikkje ei heilt klar og rett forståing av kva det innebar, men fordi det var Guds ord ønskte eg å retta meg etter det. Eg er glad for at eg undervegs har lært meir å forstå kva det inneber og kan praktisera betre i dag.

Underordning er ei hjarteholdning som vi har heile livet. Gud har sett mannen vår som leiar og hovud i familien. Det er som om vi er under ein paraply som er til ly og vern for oss. Det er mannen sitt ansvar til å verna oss og ta leiing i familien. Det hender at ting er vanskelege og at vi som ektefeller ikkje vert samde

om kva som er det beste eller rette å gjera. Då gjer vi koner det ikkje vanskeleg for mannen vår, men stolar på at det han vel er rett og bøyar oss for det. Skulle det likevel visa seg at mannen vår tok feil, brukar vi ikkje det mot han. Eg fekk som nygift «tigga» og overtalt mannen min om å få det som eg ville i ei spesiell sak. Dei praktiske følgjene hadde eg ikkje tenkt over, og på grunn av dårleg økonomi, måtte eg smaka konsekvensane lenge. Det hadde lønt seg å høyra på mannen min, så dette vart ein lærepenger for meg. Når det er noko vi er ueinige om, kan vi seia ifrå, men gjer det på ein fin måte med ei rett haldning.

Vi kan like eins gjera det på ein praktisk måte når det kjem barn inn i familien ved å støtta hans avgjelder overfor barna. Det har hendt at eg har vore usamd i mannen min si avgjerd overfor eit barn, men det var likevel mitt ansvar å følgja opp slik han ønskte. Sidan mannen min var mykke ute og reiste i forkynnarteneste då barna var små, var det mi oppgåve å oppseda dei på ein måte eg visste han ville vera samd i og. Vi var samde om korleis vi skulle ha det i familien, og då kunne eg arbeida etter det.

Underordning er for meg trygt og godt, og det er fridom i det å leva etter Guds ordning. Men det å vera underordna er ikkje å vera «dørmatte» det er ikkje «å lida og tia». Dersom ei gift kvinne har det slik, bør ho gå til nokon som kan hjelpa henne. Her vil eg også leggja til at i 1.Pet.3.1 står det at ei gift kvinne som underordnar seg ein mann som står ordet imot kan vinna mannen sin utan ord, men med det liv kona lever når dei ser hennar reine ferd i age for Gud.

### **Godta mannen din som han er**

Mannen vår treng å merka og vita at vi godtek og elskar slik han er. Han vil vera glad og tilfreds når han får vera seg sjølv og vi set pris på han slik.

Då vi gifta oss var vi begge unge, men vi trudde vi kjende kvarandre godt etter fleire år som venner, kjærastar og trulova. Likevel oppdaga eg sider ved mannen min eg ikkje var kjend med (og han med meg!). Då fann eg snart ut at det luraste eg kunne gjera var å be for han. Då vart det ofte slik at eg såg bjelken i mitt eige auge i staden for flisa i mannen sitt. Så får Herren ved den Heilage Ande forandra og slipa oss kvinner slik han vil ha oss, til ære for seg og for mannen vår. Bønn forandrar oss og situasjonar vi ber for. Lukkeleg er den mann som har ei kone som ber for seg.

hold, dagar og tider. Det er noko eg vil, uansett kva kjenslene seier. Dei kan skifta, men gjer eg det som er rett uansett, vil det alltid gå bra. Som kristen kvinne har eg ein stor fordel. Kva kjærleik er, har Jesus lært oss, han som elskar til døden, han som bøygde seg ned, som vart ein tenar. Med Guds kjærleik - agape - som fyller hjarta, kan eg makta å elskar og handla rett i dei ulike situasjonar som oppstår. Det handlar om kjærleik utan vilkår. Det er kjærleik som gjev. Det er kjærleik som er til stades for den andre.

**Underordning er for meg trygt og godt, og det er fridom i det å leva etter Guds ordning. Men det å vera underordna er ikkje å vera «dørmatte» det er ikkje «å lida og tia»**



Vi koner kan oppdaga og få fram det beste i mennene våre. Legg merke til det som er positivt, dei gode sidene, og fortel han om det. Vi kan byggja opp mannen vår. Det at du hjelper ektefellen din til å lukkast, til å vinna, vil gjera at du lukkast og vinn sjølv. Det at vi er snare til å fortelja om det han er flink i og gjer bra, vil oppmuntra han. Han vert inspirert til å gjera ting endå betre og vil ha framgang og trivast. Mannen min likar å få slik oppmuntring, og det trur eg ikkje han er åleine om... Vi fekk ordet «Kappast om å heidra kvarandre» då vi gifta oss, og det har vore ein nyttig og gild kappestrid!

### **Trufast i ord og handling**

Kjærleiken kjem frå Gud, Han som sjølv er kjærleik. Kjærleiken er vedunderleg å oppleva og likevel vanskeleg å forklara. Kjærleik er meir enn gode, sôte, varme kjensler, sjølv om dei høyrer med. I kjærleik er det truskap. Eg har lova å elskar mannen min under alle slag skiftande for-

For oss er det naturleg og godt å uttrykkja kjærleiken med kjærteikn og kos, og det skjer ofte. Eg er glad for å kunna uttrykkja kjærleiken til mannen min fysisk på det seksuelle plan. Det at vi kan gje oss til kvarandre og nyta kjærleiken på denne måten, gjer samlivet vårt sterkare. Det gjer oss meir til eitt også åndelag, og er forfriskande og stimulerande for oss begge. Det er viktig for oss koner at vi er merksame på mannen sine behov og kjensler. Gjer vi det, får vi ein lukkeleg mann, og for han vil det ikkje vera nokon andre enn kona.

La oss som kvinner vera snare til å tilgje når noko går galt. Det er ikkje alltid like lett, men det virkar godt på oss begge. La oss skunda oss å gjera opp uansett kven det er som har skuld eller kva som har gått gale. Eg er glad for ordet tilgje og har måttat brukta det mange gonger overfor mannen min.

## Vis alltid respekt

Vi skal alltid ha respekt for mennene våre (Ef.5.33). Vi må alltid respektera han og snakka til han på ein respektfull måte. Vi snakkar også alltid fint om han, enten det er barna eller andre som hører på. Når vi er ute i lag med mannen vår, må han kunna stola på oss, at vi ikkje fortel noko som på ein eller annan måte er ufint eller til skade for han. Vi har respekt for det han gjer og dei avgjerder han tek.

## Du får den mannen du fortener

Som du sår, skal du hausta, seier Guds ord i Gal. 6.1-10. Eg er vel kjend med såing og hausting frå eg var liten. Då far sådde korn og grønnsakfrø på garden heime, kunne han etter nokre månader hausta god avling av modent korn og fine grønnsaker. Dess betre vilkåra var, med sol, varme og passe regn, dess betre var avlinga.

Det same hender i ekteskapet. Ekteskapet er som ein inngjerda hage. Gå inn gjennom porten, stell

godt i hagen og ta tid til kjærleik. La oss som koner vera rause med varme, solskin og smil, la det dryppa mange gode ord, så ikkje ugras får rota seg.

Det er liv i såkornet. Vi vil hausta frå det vi sår, så la oss så ein god sæd. Vi kan ikkje venta å hausta utan først å ha sådd. Då vert det berre ugras på åkeren. Så og hausteprinsippet er frå Skaparen sjølv. Han strør og sår ut med villig og raus hand og ønskjer vi skal gjera det same.

Å vera gift er ikkje å satsa 50% kvar, nei i ekteskapet satsar vi 100% kvar. Om vi som kvinner satsar alt på å gjera det beste vi kan for mannen vår utan å forventa eller tenkja på kva vi bør ha eller få, vil vi likevel før eller sidan hausta rikt.

## Kjærleik i stadig fornying

Ved Guds store nåde og hjelp har eg lært å nytta prinsippa frå Guds ord om ekteskapet, i samlivet med mannen min. Eg har gjort mine feil, men det har vore ein prosess og ei læring gjennom åra, ei utvikling til stadig

betring. Ekteskapet er for meg ei livslang lærings. Kjærleiken mellom oss har vorte stadig fornya og forfriska. Mannen min og eg ville at ekteskapet vårt skulle vera godt og vara heile livet og har jobba med det for auga. Eg har alltid elskat mannen min og han meg, men kjærleiken har djupna med åra og modnast i mildskap. I dag er det ein harmoni, glede, kjærleik og lukke mellom oss som eg skulle ynskja alle ektepar kunne oppleva.



**SOLVEIG THU**  
folk@krinet.no

# Dikt

**M**ange søker ekteskap  
fordi dei ikkje greier å vera  
åleine.  
*Dei har därlege røynsler med seg sjølv  
og håper på hjelp i ekteskapet.  
Som regel vert dei skuffa og  
anklagar ektefellen  
for det som er deira eigen skuld.  
Mange ekteskap har gått i stykke  
fordi det levde ut frå eit ønskjebilete.*

*Den som elskar  
sin eigen draum om ekteskapet  
meir enn sjølv ekteskapet  
han øydeleggjer ekteskapet  
for han går inn i det med krav  
og ikkje med takk og teneste.*

*I ekteskapet tek vi imot kvarandre  
med glad takk og undrande kjærleik  
samstundes som vi  
gjev oss sjølv til kvarandre  
i dei små ting i kvardagen.  
Ekteskapet er innstifta i himmelen  
Men må utviklast på jorda.  
Det er ikkje nok med vedlikehald,  
det krevst innsats så ekteskapet  
kan veksa.*

*Å vera gift er ein fulltidsjobb,  
det krev heile deg.  
Å ha eit godt ekteskap har ingenting  
med å vera heldig eller uheldig å gjera.  
Det har aldri vore eit einaste ekteskap  
som ikkje kunne verta gjort til ein suksess  
heller ikkje noko ekteskap som ikkje  
kunne enda i tragedie  
Ekteskapet vil berre lukkast  
når begge partar er  
kjærleiksarbeidrarar.*

# Seksualitet

## Kva seier Bibelen om heterofil og homofil seksuell aktivitet?

### **Vi er seksuelle skapningar**

#### **- skapt i Guds bilete**

**I**motsetnad til visse andre religiøse og filosofiske system, gjev Bibelen oss eit svært positivt bilete av den menneskelege seksualitet. Alle menneske er, i følgje Bibelen, skapt i Guds bilete, som mann eller kvinne. Seksualiteten er ein del av det å vera skapt i Guds bilete, som mann eller kvinne. Seksualiteten er ein viktig del av vår personlegdom, ei viktig side av kven vi er, ikkje berre ei skildring av kva vi gjer!

Bibelen fortel oss at dei første menneske var nakne saman utan å skjemast. Dei kroppslege forskjellane mellom mann og kvinne gav ingen grunn til å vera flau (1.Mos.2,25). Elskovsleiken og seksualakta er i Bibelen skildra i svært positive vendingar: "Nyt livet med den kvinna du elskar" (Fork.9,9), "Gled deg over din ungdoms kone. Fryd deg støtt ved hennar barm, lat alltid hennar kjærlek gjera deg ør!" (Ord.5,18-19). Heile Salomos Høgsong er eit stort og vakkert kjærleiks dikt. Det fargerike språket og dei poetiske vendingane i Høgsongen må ikkje åndeleggjerast på ein slik måte at den fysiske lidenskapen mister sin naturlege fryd og spenning.

Apostelen Paulus har den same positive innstilling til seksualitet. Han skriv strengt imot dei som vil forby folk å gifta seg eller at dei må avstå frå seksuelt samliv (1.Tim.4,3-5; 1.Kor.7,5). Slike haldningar er vranglære, seier han. Seksualiteten er ei gâve vi skal ta imot med takk, og ektepar har eit gjensidig ansvar for å tilfredsstilla kvarandre sine seksuelle behov (1.Kor.7,3-4).



**Men det seksuelle samliv er meir enn samleie for å få barn. Bibelen skildrar korleis Gud skapte mann og kvinne til å utfylla kvarandre og gjera kvarandre heile.**

”

Det er opplagt at seksualitet har med forplanting å gjera (1.Mos.1,28). Gud ønskjer at ektefolk skal få mange barn (Sal.127; 128). Men det seksuelle samliv er meir enn samleie for å få barn. 1.Mos.2 skildrar korleis Gud skapte mann og kvinne til å utfylla kvarandre og gjera kvarandre heile. I forholdet mellom ektemannen og kona har det seksuelle samlivet også til formål å binda dei to saman og styrkja dei i forholdet deira (1.Mos.2,24).

#### **Verknadene av syndefallet**

Då menneska gjorde opprør mot Guds gode vilje ved å lytta til djevelens slue råd og synda mot Guds

ordning (1.Mos.3), vart heile skaperverket påverka. Alt det skapte vart lagd under forgjengelegdom (Rom.8,20-22) og kampen for å overleva vart født. Det gode forholdet mellom mannen og kona vart øydelagd. Den gode varme tilliten vart bytta ut med svik, mistru og skuldinar mot kvarandre. Der det før berre var kjærlek og glede kom det inn tendensar til manipulering og dominering av kvarandre. Nakenskapen skapte no skamkjensle og frykt, for dei tok til å sjå kvarandre som sex-objekt i staden for menneske med fysiske ulikskapar (1.Mos.3,7-10). Til og med forplantinga vart påverka i negativ retning idet at den fantas-

tiske opplevinga av å føda barn vart forstyrra av møde og smerte.

På grunn av synd kom menneska til å verta styrte av egoisme og trong til tilfredstilla seg sjølv og sine eigne lyster på alle områder. Mennesket gjekk sin eigen veg og gjorde ting på sin eigen måte. Maktkamp og utnytting føregår no på mange plan og område. Heile verda ligg i det vonde og er merka av synd (1.Joh.5,19).

Seksuallivet hører ekteskapet til. Heilt frå opphavet av menneskesoga har ekteskapet vore Guds gode ordning for menneska. Ekteskapet er og har vore den grunnleggjande byggjeklossen i eit velordna og godt fungerande samfunn. Som alt anna godt har ekteskapet sitt opphav i Guds kjærleik og er Skaparens norm for menneskeleg samliv.

Gjennom heile Bibelen vert det understreka at seksuallivet hører ekteskapet til. Ekteskapet er den trygge ramme for sex og familieliv. Guds ordning er veldig enkel: Det er ikkje godt å vera åleine, for mennesket er skapt for trufast samliv. Det sjuande bodet seier: Du skal ikkje bryta ekteskapet (2. Mos.20,14). Du skal trufast halda deg til ektefellen din heile livet, for Gud hatar skils-mål (Mal.2,16). Jesus seier at Gud har bunde mann og kone saman i ekteskapet og at ingen må løysa opp denne samanbindinga (Matt. 19,6). Ekteskapet er frå opphavet meint å vera monogamt og livslangt. Ektefolk er på grunn av den pakta dei har gjort med kvarandre bundne til kvarandre heilt til døden skil dei frå kvarandre. Når ein ektefelle dør er ekteskapet slutt og den gjenlevande kan gifta seg på ny.

### Bibelen gjev fire grunnar for ekteskap:

1. Fellesskap – vennskap – for å utfylla, utvikla og hjelpa kvarandre (1. Mos. 2,18).
2. Forplanting - mangfaldiggjering – fostring av gode samfunns borgarar (1. Mos.1,28).

3. Heilaggjering – å læra å styra og utnytta dei grunnleggjande menneskelege drifter som tildømes seksualdrifta rett (1. Tess.4,3-8; 1. Mos.2,24; 1. Kor.7,2).

4. Profetisk mysterium – å avspeglia på jorda forholdet mellom Kristus og kyrkja (Ef.5,21-33)

### Bibelske restriksjonar på seksuell aktivitet

Det er ikkje populært å snakka om restriksjonar av noko slag i dag og slett ikkje på seksuell aktivitet, men Bibelen gjer det. Postmoderne menneske trur at alle personlege val er like gode. Ingen må tru dei er betre enn andre på grunn av etnisk bakgrunn, religion, kultur eller seksuelle legningar. Ingen bør dømma andre for at dei gjer det som er best for dei sjølve! Denne postmoderne

eller andre funksjonshemmingar) likevel kan leva meiningsfulle liv. Å ha sex er på ingen måte livsnødvendig slik som mat og klede. Det er heller ingen menneskerett. Mange menneske, uavhengig av deira seksuelle legningar, har ikkje høve til full seksuell utfalding. Om det ikkje er ei ønskjeleg stode for dei, er det likevel noko dei godt kan leva med. Bibelen forbyr all utanomekteskapelig sex!

- Du skal ikkje bryta ekteskapet eller驱iva hor (2.Mos.20,14; 1.Kor.6,9; 1.Tess.4,3-5; Gal.5,19; Hebr.13,4)
- Du skal ikkje ha sex med dine eigne barn eller nære slektingar (3.Mos.18,7-18)
- Du skal ikkje ha sex med ein av same kjønn (3.Mos.18,22; 20,13; 1.Kor.6,9; 1.Tim.1,10; Rom.1,26-27)
- Du skal ikkje ha sex med eit dyr (3.Mos.18,23)

I våre dagar er eit aktivt seksualliv av mange sett på som ein menneskerett og noko som er nødvendig for den menneskelege helse og velvære.



haldninga kan kanskje uttrykkja ei sanning om våre relative menneskelege vurderingar, men samsvarar det med Guds syn? Kva om det finnест ein Gud som har skapt oss og som har eit anna syn som han ein dag skal dømma oss alle etter? Kva om vi alle ein dag skal gjera rekneskap for korleis vi har levd i forhold til Guds lov? Vi må også innrømma at det finnест grenser for vår toleranse av haldningar og handlingar, for vi godtek ikkje rasisme, nazisme, mobbing, kriminalitet osv.

I våre dagar er eit aktivt seksualliv av mange sett på som ein menneskerett og noko som er nødvendig for den menneskelege helse og velvære. Dette er eit nytt syn som overser det faktum at mange som ikkje kan fungera seksuelt (på grunn av impotens

Desse bibelorda fordømmer konkrete seksuelle aktivitetar, men talar ikkje om lyster eller freistingar. Å verta freista eller kjenna lyst til noko treng ikkje vera synd. Det er når vi gjev rom for lystene og leikar med dei i hjarta og ser på nokon med lyst at vi alt har synda i hjarta (Matt.5,27-28). Her stiller heterofile og homofile lyster og freistingar på lik linje. Dette er viktig å gje akt på, for det minner oss på at Bibelen rosar dei som vinn over freestinga (slik som Josef og Jesus) og fordømmer dei ikkje fordi dei vart freista. Dei som aldri har vorte freista til seksuell synd er ikkje nødvendigvis heilagare enn dei som har stått imot freestinga, dei er berre uprøvd på dette området.

Desse bibelorda gjer det heilt klart at Gud forbyr all heterofil sex med ein

du ikkje er gift med, og all homofil sex. Bibelen grunngjев som regel ikkje desse forboda med anna enn at dette er Guds påbod. Nokre få gongar når Bibelen forbyr utanomekteskapeleg sex, kjem nokre forklaringar som er veldig lærerike. Det vises aldri til dei menneskelege følgjene (tildømes: dette er galt fordi det kan føra til sjukdom eller uønska graviditet) eller til motiva for handlinga (tildømes: dette er galt fordi det er gjort i ei ukjærleg ånd). All utanomekteskapeleg sex er galt i seg sjølv, heilt enkelt fordi kroppen ikkje er laga for seksuell umoral. Dei som tek del i seksuelle synder (forbode seksuell aktivitet) syndar mot sin eigen kropp (1.Kor.6,13,18). Det seksuelle samleiet er eit eines-tåande kroppsspråk som Skaparen har gjeve til ektefolk for å uttrykkja og stadfesta det spesielle, eksklusive og livslange forholdet mellom ein mann og ein kone i det paktsforholdet Bibelen kallar ekteskap.

Det er også verdt å merka seg at mange av dei klaraste orda mot homoseksuell aktivitet kjem frå apostelen Paulus i Det nye testamente (Rom.1,26-27; 1.Kor.6,9-10; 1.Tim.1,9-10). Avsnittet i Rom.1,18-32 gjev oss somme forklaringar som er verdt å leggja merke til. Apostelen skildrar i dette avsnittet korleis menneske handlar mot betre vitande ved ikkje å æra og takka Skaparen (for alle kan skjøna kor stor og god han er på grunn av det fantastiske skaperverket hans), men gjev seg av med å tilbe dei tinga Gud har skapt i staden. Difor overlet Gud dei til seg sjølve, og i sine syndige og skamelege lyster vanaera dei kroppen sin. Både kvinner og menn bytte om eit naturleg seksualliv (med ein ektefelle av motsatt kjønn) med eit unaturleg seksualliv (med ein person av same kjønn). Homoseksuell aktivitet vert klart sett som eit brot på den naturlege ordenen skapt av Gud. Difor er ein slik seksuell aktivitet mot Guds gode vilje, for Gud skapte mennesket til å leva saman

som mann og kvinne i eit livslangt ekteskap. Kvar homoseksuell akt er unaturleg, ikkje fordi det er imot den individuelle legning, men fordi det stirr mot Guds skaparordning for seksuallivet.

### Å leva ut sine legningar eller lyster

Å leva ut sine lyster eller legningar er ikkje eit alternativ Bibelen gjev oss. Jesus gjer det heilt klart at vi må seia nei til seksuelle lyster og seksuelle aktivitetar utanom ekteskapet (Matt.5,27-32; 19,4-12). Det

eldre, enkjer/enkjemenn eller dei som aldri har vore gifte. Bibelen seier klart og tydeleg at kona eller mannen din skal vera ditt einaste seksuelle fokus. Tilfredstille kvarandre. Nyt samlivet med kvarandre. Å ha sex med nokon utanom ekteskapet mellom mann og kvinne er ikkje noko alternativ for dei som vil leva etter Guds ord. Bibelen oppmuntrar oss til å nyta det seksuelle samlivet i ekteskapet, og løftar opp sølibatet for dei som ikkje kan eller vil gifta seg. Både ekteskapeleg samliv og sølibat er ærbare liv. Det finnест ingen andre alternativ!

## Bibelens råd til dei som vert utsett for seksuelle freistinger er veldig praktiske: Fly frå freistunga!



same gjer apostlane (Ap.gj.15,28-29; 1.Kor.5-6; 1.Tess.4,3-8; 1.Tim.1,9-10; Hebr.13,4). Om ein ikkje har gåve til å leva avhaldande seksuelt, må ein gifta seg (1.Kor.7,2). Av same grunn bør ektefolk ha regelmessig samleie (1.Kor.7,3-5).

Bibelens råd til dei som vert utsett for seksuelle freistinger er veldig praktiske: Fly frå freistunga! Då Josef vart invitert av ein annan manns kone til å liggja med henne, rømde han frå huset dei var i (1.Mos.39,12). Apostelen Paulus seier at dei kristne må følgja hans eksempel (1.Kor.1,18; 2.Tim,2,22). Dette er eit råd som kjem av ei realistisk forståing av kor sterkt seksualdrifta kan vera, men Den Heilage Ande kan hjelpe ein kvar kristen til å vinna kampen mot seksuelle freistinger. Anden hjelper oss til sjølvkontroll så vi kan vinna over alle slags syndige vanar (1.Kor.6,9-11; Gal.5,22-23; 2.Tim.1,7).

Bibelen gjev oss berre to alternativ: sølibat eller trufast ekteskap. Desse alternativa vert gjevne til unge og

### Kristne haldningar til dei som lever i synd

Alle menneske har synda og kjem til kort i forhold til Guds heilage standard. Likevel lærer Bibelen oss at Gud elskar alle menneske og vil at dei skal læra sanninga å kjenna, venda om og verta frelse (1.Tim.2,4; 2.Pet.3,9). Gud elskar oss medan vi endå var syndarar og hjelplause i vår gudløyse, og var fiendar av Gud (Rom.5,6-10)! Difor må vi vera kjærlege og vennlege mot alle menneske, uansett kven dei er og korleis dei lever. Vi må be Gud om nåde til å til å vera vislege og kjøpa den laglege tida når vi er saman med folk som ikkje kjenner Gud. Vi må alltid la orda våre vera vennlege, men ha salt og kraft i seg, så vi kan gje rette svar i samsvar med Guds ord (Kol.4,5-6). Når det gjeld folk som gjer krav på å vera kristne og som lever i strid med Guds bod, skal vi halda oss borte frå dei, i følgje den apostoliske undervisinga i 1.Kor.5. Føresetnaden er sjølv sagt at vi har følgd framgangsmåten Jesus lærte oss å bruka i Matt.18,15-20). Når vi har snakka



med dei og vist dei kva Guds ord seier, og dei ikkje vil venda om for si syndige framferd og bøya seg for det Bibelen seier, då skal vi ikkje lenger ha noko samkvem med dei og vi må ikkje bryta brødet ilag med dei! Guds ord seier:

I brevet til dykk skreiv eg at de ikkje måtte ha noko å gjera med folk som lever i hor. Då meinte eg ikkje alle som driv hor her i verda, heller ikkje dei pengekjære, ransmennene og avgudsdyrkaranane. For då måtte de gå ut or denne verda. Det eg meinte, var at de ikkje skal ha samkvem med nokon som vert kalla kristen bror, men er ein horkar, have-sjuk, avgudsdyrkar, spottar, drikkar eller ransmann. Eit slikt menneske skal de heller ikkje eta i lag med. (1.Kor.5,9-11)

Veit de ikkje at dei som gjer urett, ikkje skal arva Guds rike? Far ikkje vilt! Korkje horkarar, avgudsdyrkarrar, ekteskapsbrytarar, eller menn som ligg med menn eller lét seg bruka til dette, korkje tjuvar, pengekjære, drikkarar, spottarar eller ransmenn skal arva Guds rike. Somme av dykk var ein gong slike. Men de har late dykk vaska, de er helga, ja, rettferdige for Gud i Herren Jesu Kristi namn og ved vår Guds Ande. (1.Kor.6,9-11)

Somme av dykk var ein gong slike! For nokre trøystefulle ord. Gud tilgjev og gjev nåde til å venda om. Han kan vaskar folk reine frå all slags synd. Han kan helgar folk heilt igjennom. Han gjer folk rettferdige så dei kan leva eit nytt liv!

Dei kristne i Korint følgde apostelen si undervising og støytte han som levde i seksuell synd ut or det kristne fellesskapet for at han skulle gå i seg sjølv og finna frelse. Denne framgangsmåten vart til frelse både for syndaren og det kristne fellesskapet. Kyrkjelyden fekk vist alvoret i si tru på den apostoliske rettleiinga og det første til omvending for syndaren som vart tilgjeven og gjenreist til fullt medlemskap i det kristne fellesskapet (2.Kor.7). Om vi som hører Herren til, følgjer den bibelske framgangsmåten som Jesus og apostelen Paulus viser oss, vil vi halda kyrkjelydane reine og hjelpa syndarar til omvending og frelse!



ERLING THU  
et@krinet.no

# Kjønnsnøytral ekteskapslov?

Fleire politiske parti har vedteke forslag om kjønnsnøytral ekteskapslov og homofil adopsjon. Sterke pressgrupper har i lengre tid arbeida for dette. Vi lever i ei lagnadstid for ekteskapet og familien i Noreg. Alle kristne må sjå ansvaret sitt og gjera det som kan gjerast for å ta vare på den tradisjonelle forståinga av ekteskapet som eit trufast forhold mellom ein kvinne og ein mann.

**E**in kjønnsnøytral ekteskapslov er eit alvorleg steg som vil få store følgjer. Det inneber at politikarane oppløyser mor-far-barn-forholdet som grunncella i samfunnet. Det er drastisk! Dei politikarane som er for dette, seier i røynda at foreldra sitt kjønn ikkje har noko å seia for barna når dei veks opp og utviklast som menneske.

Kjønnsnøytrale ekteskapslover går mot biologiske røydomar og tusenårige samlivsformer som alle samfunn har bygd på fram til i dag. Desse nye lovane vil gå på tvers av hundreårs barnepsykologisk forsking om kva mor og far har å seia for barns utvikling. Desse lovane stirr mot all sunn fornuft! All forsking seier og alle foreldre forstår at mor og far har kvar sine eineståande funksjonar og påverknadar på barna sin vokster og utvikling.

Ein kjønnsnøytral ekteskapslov er eit misvisande ord vi helst bør unngå å bruka. Det handlar om å forandra defineringa av ekteskapet og



Kjønnsnøytrale ekteskapslover går mot biologiske røydomar og tusenårige samlivsformer som alle samfunn har bygd på fram til i dag

”

sidestilla ulike samlivsformer. Det handlar om å seia at ekteskapet, som i alle tider og alle kulturar har vore forstått som eit forhold mellom ulike kjønn, mann og kvinne, ikkje lenger skal forståast slik. No skal einkjønna forhold, som mellom anna skil seg frå eit tokjønna forhold ved at ein ikkje kan få barn, også kallast ekteskap.

Å innföra ei ny forståing av ekteskapet, der det ikkje er forstått som eit trufast forhold mellom ein mann og ei kvinne, men som eit forhold mellom to menneske uavhengig av kjønn, inneber ei radikal endring av grunnvollen for samfunnet. Sjølvé

kulturgrunnlagt for samfunnet vert med dette endra og opnar for ei utvikling som ingen kjerner følgjene av. Å innföra denne lovendringa er i røynda eit kjempestort samlivsekspperiment med barna som prøveklutar.

Vi må få vanlege folk til å forstå kva som er i ferd med å henda. Desse lovane riv grunnen bort under det samfunnet som vi elskar og som mødrene og fedrane våre har kjempa fram med stort slit og offer!



ERLING THU  
et@krinet.no

# Når alt er Øydelagd

Når alt har gått i stykke for deg og du står med  
restar av knuste draumar i hendene

Når alt du hadde kjært fell frå kvarandre og det  
einaste du har att er bitar av eit speil som viser  
deg brotne delar av eit samliv

Når alt du har igjen er restar av ein øydelagd  
familie, men overflod av såre kjensler, forvirring  
og skam så det einaste som er heilt er det vonde  
som fyller deg Når di von er broten, draumane er  
gløymde og du ikkje lenger veit kva forventning er

Når alt du satsa og investerte i forholdet synest  
å ha falle på steingrunn og det ikkje finnest noko  
livsteikn å sjå

Når ingen armar tek imot deg i varme famntak og  
den gode låtten er borte og det som var moro har  
vorte beiske minne du helst vil gløyma

Når kjærleiken har vorte kald, ja det som verre er  
og dei gode stundene har vorte til krig, oppmun-  
trande ord har vorte til krangling og tillit har  
drukna i mistru

Kva gjer du då?  
Er det noko du kan gjera?  
Kva slags framtid kan du då få?

Det kjem an på kor du vender deg  
for å finna svar!  
Går du inn i deg sjølv,  
vil mørkret verta svartare.

Kastar du deg ut i den nyting du kan finna,  
kan du døyva den gnagande verken  
og pina ei stund,  
men du vil bera det med deg som ein vulkan som  
når som helst kan eksplodera  
i øydeleggjande hat

Men kjem du til han som var død  
fordi han smakte døden for deg,  
han som er den første og den siste og den levande  
og som har vunne over alt hat og alt vondt ved  
sin sjølvofrande kjærleik  
og har nøklane som kan løysa alle floker  
då kan framtida di verta lys og god

Han vil møta deg med nåde og tilgjeving  
han vil gjera deg og livet ditt heilt igjen  
Han vil gje deg meir enn nye ark og fargestifter til  
han vil gje deg nye skapande krefter  
som gjer at du ser løysingar  
der du før såg vonløyse  
som gjer at du finn eit lys der det før var mørke  
som gjer at du kan byggja bru  
der det før var eit botnlaust gap  
som gjer at du finn ein veg  
der du før ikkje kunne gå

Han har overvunne døden  
og alle dødens krefter har han lagt under fot! Han  
er den levande - full av livsgjevande liv!  
I han kan du finna eit nytt liv og ei ny framtid  
som overgår det liv du tidlegare hadde  
- for nåden og tilgjevinga kastar glans over livet  
og gjev ein lækjedom som ikkje kan forståast men  
berre opplevast av dei som audmykjer seg

Når alt har gått gale for deg  
kan Den Levande gjera deg ny  
i von, tru og kjærleik  
og gje deg ein ny start der du slepp å vera åleine  
men får den hjelp du treng  
til å vinna over deg



ERLING THU  
et@krinet.no

Dikt

# Kristent Nettverk



## - tjenere i fellesskap

Kristent Nettverk er opprettet av Noralv Askeland og Erling Thu for å være et redskap for de ca. 20 Kristent Fellesskaps menighetene i Norge i deres felles misjonsarbeid og humanitære hjelpearbeid. I misjonsarbeidet har vi et fokus på å forkynne godt nytt om Guds rike og planter menigheter i inn- og utland.

I det humanitære hjelpearbeidet har vi et fokus på å hjelpe de fattige ved å forbedre livsgrunnlaget og livskvaliteten deres gjennom både nødhjelp og langsiktig hjelp til selvhjelp.

### Dette gjør Kristent Nettverk i misjonsarbeidet:

- Trener og utruster kristne ledere
- Bygger fellesskap, planter menigheter
- Knytter menigheter sammen
- Underholder nasjonale misjonærer i flere land
- Utgir kristen litteratur på mange språk
- Utgir bladet FOLK

### Driver flere skoler:

- Bergen Bibelskole
- Kristen Brevskole/Kristen Nettskole
- Covenant School, Jaipur, India

### Dette gjør Kristent Nettverk i humanitært hjelpearbeid:

- Hjelper foreldreløse barn i Malawi (Aidsofre) til fosterhjem og utdanning
- Hjelper barn i India og på Filippinene til utdanning gjennom skoledrift og annen støtte
- Støtter barnehjem for foreldreløse barn i India
- Hjelper fattige med mat, klær og medisiner
- Driver opplysende helsearbeid
- Hjelper landsbyer med vannforsyning gjennom borebrønner
- Har gitt hjelp til over 7000 mennesker som ble rammet av Tsunamien på Indias østkyst.
- Hjelper fiskere som mistet båtene og garnene sine i Tsunamien med nye båter og garn
- Hjelper kasteløse Anadi-familier med nye hus, medisinsk tilsyn og ny yrkestrenings

Den humanitære hjelpen blir gitt til de fattige uten hensyn til deres kaste, rase, tro eller religiøs tilhørighet.



Ein båt med to garn kan brødfø 4 familiar.

- Ein ny båt kostar 2.300,-  
- Eit fiskegarn kostar 800,-

Så tenk at for under 4000,- kr kan vi gje 4 familiar eit livsgrunnlag som gjer at dei kan underhalda seg sjølv gjennom sitt eige arbeid i lang tid framover. Og for berre ca 14.500,- kr. kan vi vere med og skaffa ein familie eit skikkeleg husvære!

Om du ønskjer å stå med oss i dette arbeidet for dei fattige kan du senda gåva di til:  
Kristent Nettverk,  
Boks 3180 Årstad, 5829 Bergen

Bankkonto: **3632 50 97587**

## FAITH ACTION FOR COMMUNITY TRANSFORMATION

Faith Action for Community Transformation ledes av Rao. Han startet organisasjonen for over 20 år siden. De er godkjent av myndighetene og har over 20 års erfaring med hjelpearbeid. Vi er så takknemlige for å kunne arbeide sammen med denne organisasjonen. Rao og hans medarbeidere gjør et stort arbeid, deres fokus er på hva de kaller "selvhjelp-grupper", hvor de fattige får hjelp til å hjelpe seg selv, både innenfor jordbruk, fiske, industri og skolegang. Sammen med vår samarbeids-partner Rao er vi i gang med hjelp etter Tsunamien som også rammet India 2. juledag 2004.

# VI HJELPER DE FATTIGSTE BLANT DE FATTIGE

VI GARANTERER AT  
HJELPEN KOMMER FRAM!

Solveig og Erling Thu har i en årrekke besøkt India, og vi gir hjelp til de som er de fattigste av de fattige. Mange tusen mennesker mistet alt de eide, mange har mistet sine båter og fiskegarn, hus er skyldt på havet og vi er nå i gang med en stor gjenoppbygging.

Vi har hjulpet over 2000 familier og mer enn 7000 personer med mat, klær og det aller nødvendigste etter Tsunamien 2. juledag. Nå gjenstår to store prosjekter som vi vil presentere:



### FISKEBÅTER OG FISKEGARN

Mange mistet livsgrunnlaget da bølgen kom 2 juledag. Vi har et ønske om å hjelpe alle de som mistet fiskebåter og fiskegarn i flere landsbyer.

120 fiskebåter er blitt knust og 545 fiskegarn er blitt ødelagt. For 2.300 kroner får vi kjøpt On ny fiskebåt. Et fiskegarn koster 800 kroner. Hver fiskebåt med 2 garn dekker livsoppholdet for fire familier. Så for under 4000 kroner kan vi hjelpe fire familier med livsopphold.



### HUS TIL ANADI-FOLKET

Anadi-folket er de fattigste av de fattige. De går under benevnelsen "the untouchable". Sammen med vår samarbeidspartner har vi møtt 32 familier som har mistet alt.

Disse familiene bor under uverdige forhold nå. Vi har planer om å skaffe disse familiene nye hus. Hver boenhet koster kr. 14.500. Vi er allerede i gang med hjelp av mat og klær, og har også startet det vi kaller "selvhjelp-grupper", slik at de også vil kunne skaffe seg underhold til familiene.

Faith Action for Community Transformation er den eneste organisasjonen som gir hjelp i disse områdene. Flere av landsbyene ligger langt fra de store byene, og de er vanskelige å komme fram til, men Rao og hans arbeidere hjelper i disse områdene.





Kristent  Fellesskap

## GRUNNVOLLEN FOR DET KRISTNE LIV

Få tak i den viktige og grunnleggende undervisningen presentert av Noralv Askeland. 10 CD'er med forkynnelse, aktuelle kommentarer og studiemateriell samlet i en flott mappe  
**Pris 399,-**

## JOHANNES ÅPENBARING

8 CD'er med unik undervisning fra en av de fremste bibellærere du kan få høre; Tony Ling. Fokuset er hvordan bibelen forklarer og oppsummeres i Johannes Åpenbaring. Undervisningen er oversatt og en skriftlig presentasjon av innholdet følger også med.  
**Pris 349,-**

## UKENS CD

Du kan også få ukens forkynnelse fra Kristent Fellesskap i Bergen tilsendt som CD. Aktuell og bibelsk undervisning hjem i din postkasse for  
**35,- per CD + porto**

### Bestilling:

Kristent Fellesskap,  
Pb.3180 Årstad, 5829  
Bergen

menigheten@  
kristent-fellesskap.no

Gjør deg klar for resten  
av ditt liv med

Ett år med  
utrustning

For mer informasjon:

**bergen-bibelskole.no**

Et samarbeid mellom Kristent Nettverk og menigheten Kristent Fellesskap, Bergen

Spør Gud om ikke du  
er blant dem som skal  
dyktiggjøre deg selv ved  
å sette av tid til trinn for  
trinn å bli utrustet.

*La oss hjelpe...*

For deg som  
vil noe mer!!

Kristen  Brevskole

Ta kontakt for nærmere informasjon:

Kristen Brevskole, Postboks 3180 Årstad, 5829 Bergen  
Telefon: 55 38 18 40 - Epost: info@kristen-brevskole.no

[www.kristen-brevskole.no](http://www.kristen-brevskole.no)

BIBELUKER:

# GUD GJØR NOE NYTT

## i hele verden - også i vår nasjon

Trondarnes Frilynte Folkehøgskole  
i Harstad, 28. juni til 2. juli 2006

Gjennestad Gartnerskole  
i Stokke, 12. – 17. juli 2006


Vi vil være med å proklamere dette på våre bibeluker neste sommer. Gjennom undervisning og forkynnelse vil vi fokusere på dette at Gud gjør noe nytt. Anerkjente talere vil undervise, og salvede musikere og sangere vil hjelpe oss i lovsang og tilbedelse.

**Sette av tid allerede nå!**

Kristent Nettverk

Arrangør

[www.krinet.no](http://www.krinet.no) - 55 38 18 40



## Gi det videre!

Med FOLK ønsker vi som ledere og skribenter knyttet til Kristent Nettverks arbeid å formidle hjelp og retning til alle kristne i Norge i vår tid.

- Fordi vi tror på bibeltroskap i en tid med opplosning og relativisering
- Fordi vi tror på utrustning av den enkelte troende og av menighetsfellesskap i en tid hvor Guds rike går fram som aldri før
- Fordi vi tror på et felles kall for alle troende til å være lys og salt i en verden som trues av mørke og forfall
- Tror vi at bladet FOLK er viktigere enn noensinne

Vi inviterer deg derfor til å GI DET VIDERE! Ved å bruke blanketten her kan du enten:

- invitere en eller flere til å prøve to nummer av FOLK gratis
  - eller gi bort et abonnement som du betaler
- Etter en prøve-/gaveperioden vil mottakeren få tilbud om å bli ordinære abonnenter.  
Et årsabonnement koster 200,-.

Du kan også bestille prøve-/gaveabonnement på mail til [folk@kristent-nettverk.no](mailto:folk@kristent-nettverk.no)

Jeg ønsker at dere skal sende  prøve-/  gaveabonnement til følgende personer:


Fornavn/etternavn	Adresse	Postnr./sted
Fornavn/etternavn	Adresse	Postnr./sted

Skjemaet er sendt av:

Fornavn/etternavn	Adresse	Postnr./sted
-------------------	---------	--------------

Slippen sendes til: FOLK, Pb.3180 Årstad, 5829 Bergen Les mer om FOLK på [www.folk.as](http://www.folk.as) og Kristent Nettverk på [www.kristent-nettverk.no](http://www.kristent-nettverk.no)

# Gi noe som bygger opp!



**Bok** 129,-  
128 sider  
Hard innbinding  
ISBN 82-90441-29-0

**Lydbok** 179,-  
-Dobbel CD  
90 min

En populær og mye brukt introduksjon til det kristne livet og det kristne fellesskapet.

4 bind. Pocket utgave.

**Pakke 469,-**

Ordinær pris 526,-  
ISBN 82-90441-23-1  
ISBN 82-90441-26-6  
ISBN 82-90441-27-4  
ISBN 82-90441-28-2



**I**vår travle og hektiske kvar-dag vert vi stadig utsett for støyande reklame, feite overskrifter og sterke biletar frå krig, hungersnaud og katastrofar rundt om i verda. Alt dette utfordrar oss til å søke ro og finna eit fotfeste i livet som gjer at vi ikkje vert overveldta og pasifisert av alle dei sterke inntrykkene.

Kristne menneske har gjennom alle tider funne indre styrke ved å vera stille for Herren og å meditera på Kristus. Gjennom stilla og tillit skal vår styrke til meaningsfull teneste i samfunnet vera.

Tekstane i denne boka og lydboka vil hjelpe deg å venda sinn og tankar til Jesus Kristus, det han har gjort for oss, kven han er for oss i dag og kva han gjer i oss når vi tek imot ordet hans.

**Kjøp 4  
få 1 gratis**



Ved Kjøp av 4 stk 'Kristusmeditasjoner og Kristusidentitet' får du én gratis. Dette gjelder både for bok og lydbok.

[www.krinet.no/webshop](http://www.krinet.no/webshop)